

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
032/18	Heradsstyret	PS	11.04.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Grete Birkelid	18/619

## Prioriteringsliste - Tilskot til kulturbygg

### Vedlegg:

Kommunal prioriteringsliste - Tilskot til kulturbygg

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: «Kommunal prioriteringsliste Spelemidler - Kulturbygg vert vedtatt slik den ligg føre.»**

## Heradsstyret - 032/18

### HS - behandling:

#### AVRØYSTING

Formannskapet sitt framlegg - samrøystes vedteke.

### HS - vedtak:

**«Kommunal prioriteringsliste Spelemidler - Kulturbygg vert vedtatt slik den ligg føre.»**

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

Osterøy kommune fekk 23.03.2018 inn søknad om tilskot til kulturbygg frå Valestrand Ungdomslag.

Kommunen har ansvar for å prioritere søknadane om tilskot til kulturbygg. Vedtatt prioriteringsliste skal følgje søknadane til fylkeskommunen innan 2. mai. Det er komen inn ein søknad for søknadsåret 2018.

### Bakgrunn

## Tilskot til lokale kulturbygg

*Tilskota skal bidra til egna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik*

*kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale*

*for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak,*

*scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst.*

*Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men*

*ikkje til vedlikehald eller drift (frå Retningsliner for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg – KUD, 2010)*

## **Vurdering**

### **Folkehelse**

Gode møteplassar for ulike målgrupper i kommunen er viktig for folkehelsa. Lokale kulturbygg er arenaer der ein kan kjenne mestring, tilhøyrslø og bygge identitet.

### **Kultur**

Lokale kulturbygg er viktig for å kunne utvikle og oppretthalde kulturtilbodet i kommunen.

### **Økonomi**

Friville organisasjonar som forvaltar lokale kulturbygg i kommunen, yter stor verdi for lokalsamfunnet og ivaretar viktig lokalhistorie.

## **Konklusjon**

Rådmannen ser det som positivt at friville krefter utviklar kulturbygga i kommunen slik at ein får auka bruksmogelegheiter og dei vert universelt utforma. Rådmannen rår difor heradsstyret til å vedta prioritert liste slik den ligg føre.